

Eksamen

Eksamensdato: 25.11.2016

Fagkode: HEA2003

Fagnavn: Yrkesutøvelse

Programområde: Helsearbeiderfag Vg2

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>Desse kompetansemåla blir vurderte i oppgåva:</p> <ul style="list-style-type: none">• drøfte kva profesjonell yrkesutøving inneber for helsefagarbeidaren• gjere greie for gjeldande regelverk om kvalitet i pleie- og omsorgstenesta, og drøfte kva fagleg forsvarleg og omsorgsfull helsehjelp inneber• forklare kva brukarmedverknad inneber, og vise til relevant regelverk• forklare kva yrkesetikk er og drøfte yrkesetiske problemstillingar• beskrive helsefagarbeidaren si rolle i arbeidet med å ta vare på fysisk og psykisk helse <p>I tillegg vil det bli lagt vekt på at du:</p> <ul style="list-style-type: none">• viser fagleg kunnskap og haldningar som er relevante i oppgåvene• viser kreativitet i val av løysingar• viser ferdigheiter i problemløysing• har fokus på brukaren• ser helse i eit heilskapleg perspektiv

Situasjonsskildring:

Ole Torp er 96 år, gift og bur saman med den 10 år yngre kona si på eit småbruk. Dei har 3 barn og 8 barnebarn som ofte er innom. Dei siste åra har han gradvis blitt gløymisk og mindre nøye med personleg hygiene. Dusje vil han ikkje. Kona og barna har forsøkt alt dei kan å få han til å stelle seg og bytte klede. Han luktar vondt, og familien synest det er vanskelegare å komme på besøk. Han fekk for eit år sidan innvilga hjelp til personleg hygiene frå heimetenesta, men han nektar å ta imot hjelp. Han vil bestemme over seg sjølv.

Du arbeider som helsefagarbeidar i heimetenesta, og har fleire gonger prøvd å hjelpe Ole med dusj, men han nektar kvar gong og blir sint.

Familien er fortvila og synest at du ikkje gjer jobben din. Dei meiner at han ikkje kan bestemme dette sjølv, og at det er uverdige for Ole å vere så ustelt.

Svar på desse oppgåvene ut frå situasjonsskildringa og kompetansemåla i oppgåva:

Oppgåve 1

Drøft korleis du som profesjonell helsefagarbeidar kan ta vare på Oles fysiske og psykiske helse.

Oppgåve 2

Kva inneber forsvarleg og omsorgsfull hjelp for Ole? Grunngi dette.

Oppgåve 3

Kva for nokre yrkesetiske problemstillingar kan du møte på som helsefagarbeidar for Ole? Grunngi svaret ditt.

Oppgåve 4

Forklar kva brukarmedverknad inneber for Ole, og gjer greie for kva lovverket seier om dette.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato på oppgavebesvarelsen.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Følgende kompetansemål blir vurdert i oppgaven:</p> <ul style="list-style-type: none">• drøfte hva profesjonell yrkesutøvelse innebærer for helsefagarbeideren• gjøre rede for gjeldende regelverk om kvalitet i pleie- og omsorgstjenesten, og drøfte hva faglig forsvarlig og omsorgsfull helsehjelp innebærer• forklare hva brukermedvirkning innebærer, og vise til relevant regelverk• forklare hva yrkesetikk er og drøfte yrkesetiske problemstillinger• beskrive helsefagarbeiderens rolle i arbeidet med å ivareta fysisk og psykiske helse <p>I tillegg vil det bli lagt vekt på at du:</p> <ul style="list-style-type: none">• viser faglig kunnskap og holdninger som er relevante i oppgavene• viser kreativitet i valg av løsninger• viser ferdigheter i problemløsning• har fokus på brukeren• ser helse i et helhetlig perspektiv

Situasjonsbeskrivelse:

Ole Torp er 96 år, gift og bor sammen med sin 10 år yngre kone på et småbruk. De har 3 barn og 8 barnebarn som ofte er innom. De siste årene har han blitt gradvis glemsk og mindre nøye med personlig hygiene. Dusje vil han ikke. Kona og barna har forsøkt alt de kan for å få han til å stelle seg og bytte klær. Han lukter vondt, og familien synes det er vanskeligere å komme på besøk. Han fikk for et år siden innvilget hjelp til personlig hygiene fra hjemmetjenesten, men han nekter å motta hjelp. Han vil bestemme over seg selv.

Du arbeider som helsefagarbeider i hjemmetjenesten, og har flere ganger forsøkt å hjelpe Ole med dusj, men han nekter hver gang og blir sint.

Familien er fortvilet og synes at du ikke gjør jobben din. De mener at han ikke kan bestemme dette selv, og at det er uverdigg for Ole å være så ustelt.

Svar på disse oppgavene ut fra situasjonsbeskrivelsen og kompetansemålene i oppgaven.

Oppgave 1

Drøft hvordan du som profesjonell helsefagarbeider kan ivareta Oles fysiske og psykiske helse.

Oppgave 2

Hva innebærer forsvarlig og omsorgsfull helsehjelp for Ole? Begrunn dette.

Oppgave 3

Hvilke yrkesetiske problemstillinger kan du møte på som helsefagarbeider for Ole? Begrunn svaret ditt.

Oppgave 4

Forklar hva brukermedvirkning innebærer for Ole, og gjør rede for hva lovverket sier om dette.



www.vigoiks.no/eksamen